

Protokoll frå Årsmøte i Herand Bygdelag 2013.

Stad/tidspunkt: Herand skule (kjøkenet), 7. april 2013, kl 17.00 – 17.50.

Det møtte 20 fastbuande i Herand på møtet (Årsmøtet er vedtaksført med 12 frammøtte).

Det var ingen merknader til møteinnkalling eller saklista for møtet.

Leiar Sidsel Haugen vart vald til møteleiar/ordstyrar.

Ole-Gisle Vassel vart vald til referent.

Arjen L. H. Stolk og Arne Bergstø vart vald til å underteikne protokollen/referatet.

Sak 1, Årsmelding 2012.

Årsmeldinga vart opplesen av skrivar Ole-Gisle Vassel.

Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

Sak 2, Rekneskap.

Kasserar Gerd Ingeborg Haugen presenterte rekneskapen for Herand Barnehage/Herand Familiebarnehage og Herand Bygdelag.

Begge rekneskap vart godkjend utan merknader.

Sak 3, Val.

Styremedlemer:

Sidsel Haugen, ikkje på val.

Gerd Ingeborg Haugen, ikkje på val.

Britt Heidi Selsvik, ikkje på val.

Sigmund Eiken, ikkje på val.

Arne Bergstø, vald for 2 år.

Kaia Gulbrandsen, vald for 2 år.

Knut Haugen, vald for 2 år.

Varamedlemer:

Hanne Hesthamar, vald for 1 år.

Hildegunn Guddal, vald for 1 år.

Jan Tore Huus, vald for 1 år.

Styreleiar:

Sidsel Haugen, vald for 1 år (attval).

Revisor:

Einar Samland, vald for 1 år (attval).

Valnemnd:

Trygve Eiken, ikkje på val.

Angunn Handegard Trå, ikkje på val.

Jan Samland, vald for 3 år.

Framlegg til årsmøtesaker:

Det var ikkje kome inn framlegg til saker til årsmøtet.

Styret la fram fylgjande sak for Årsmøtet:

Herand Bygdelag som eigar av skulen har ikkje teke leige for bruk av skuleanlegget ved 17. mai arrangement. Styret har fått fleire innspel på at det er naturleg at bygdelaget tek over det økonomiske ansvaret for arrangementet. Styret foreslår at det til ei kvar tid står kr 15.000 på ein "17. mai-konto" og at eventuelt overskot av arrangementet tilfell bygdelaget samstundes som eventuelt underskot vert dekkja av bygdelaget.

Etter forslag frå Einar Samland om å endre inneståande beløp til kr 10.000 vart framlegget vedteke av Årsmøtet.

Barnehagen:


Leiar orienterte om at det pågår forhandlingar om tilsetjing av styrar for barnehagen.

Herand, 7. april 2013.



Ole-Gisle Vassel

Referent



Arjen L. H. Stolk



Arne Bergstø